



Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen
Att: Even Vaular

Sandslihaugen 30
Postboks 7900
5020 Bergen

Tlf: +47 41 20 61 32
nestas@tryggtrafikk.no
www.tryggtrafikk.no

Referanse:
Knut Olav Røssland Nestås

Dato:
10.01.2020

Søknad om driftsmidlar til Trygg Trafikk for 2020

Me sender dykk med dette søknad om driftsmidlar til reise, kontor- og administrasjonskostnader i tråd med samarbeidsavtale.

Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommune har tidlegare kvar for seg hatt samarbeidsavtalar med Trygg Trafikk, der Trygg Trafikk har ein distriktsleiar i 100% stilling i kvart av fylka. I avtalane held Trygg Trafikk eitt årsverk i kvart av fylka medrekna arbeidsgjevaransvaret, mens fylkeskommunane står oppom distriktskontora ved å stilla med kontor, drifts- og reisetilskot. I tillegg er Fylkestrafiksikringsutvalet ein nærsamarbeidspartner, og tildeler årlege aktivitetstilskot.

I samband med fylkessamanslåinga har Trygg Trafikk no valt å organisera seg med ein regionleiar og ein seniorrådgjevar, som sit lokalisiert høvesvis i Bergen og Leikanger. Både vil bidra i det regionale og lokale trafikksikringsarbeidet som tidlegare, men regionleiaren er peikt på som kontaktpunkt for fylkeskommune og FTU.

I tråd med samarbeidsavtalen er det sagt at Trygg Trafikk har kontorstad i fylkeskommunen (Bergen og Leikanger), der infrastruktur vert lagt til rette på lik line med fylkeskommunen sine tilsette. Trygg Trafikk treng tilgang til internett, men ikkje til fylkeskommunen sitt intranett og e-postsystem. Trygg Trafikk har eigen leverandør av IKT-utstyr.

Trygg Trafikk har rett til å bruke fylkeskommunen sin internservice og tilhøyrande fellestener (møterom, skriverarar, undervisningsutstyr, kantine, posttenester, kopieringsutstyr, vrimlerom, treningsrom, reinhald, møblar, vernerundar m.m.) samt moglegheit til å ta del i fylkeskommunen sine velferdstilbod og sosiale arbeidsmiljø. Trygg Trafikk får tilbod om lagringsplass for utstyr.



Når det kjem til dei økonomiske høva vert regionleiar og seniorrådgjevar tilsett og løna av Trygg Trafikk. Fylkeskommunen dekkjer, gjennom årlege løyvingar, kostnader til reiser, husleige, parkering, lager, kontorhald og IKT-utstyr. Midlane vert overført til Trygg Trafikk ved starten av året.

For 2019 hadde Trygg Trafikk i Sogn og Fjordane eit tilskot på 217 000,- mens Trygg Trafikk i Hordaland hadde 167 000,- altså 384 000,- til saman. Ein vesentleg skilnad er at me i Sogn og Fjordane har betalt Statens vegvesen om lag 90 000,- i husleige dei siste åra, mens ein i Hordaland har vore samlokalisert med fylkeskommunen og ikkje har betalt husleige. Sidan no begge dei faste Trygg Trafikk-stillingane er plasserte saman med fylkeskommunen reknar me med at det ikkje vert noko husleige, sidan dette nærast vil bli internfakturering frå fylkeskommunen si side. Likevel er det to fylke med til dels store avstandar og ein del reise i samband med aktivitetar. Me skal òg rekruttera inn ein ny tilsett, som truleg startar over sommaren. Her vil det vera trøng for innkjøp av noko nytt utstyr. Behovet for driftsmidlar for Trygg Trafikk i 2020 blir difor vurdert til 300 000,- samla sett.

Vonar på positiv handsaming.

Med venleg helsing

Knut Olav R. Nestås

Regionleiar Vestland

Trygg Trafikk | Sandslihaugen 30, 5254 Sandsli | Postboks 7900, 5020 Bergen
nestas@tryggtrafikk.no | Mobil: 412 06 132 | Org.nr.: 970 133 410